

eller kritisere den passive motstandspolitikk.

Det å strekke lojaliteten så langt, er å verta medskuldig i ei antidemokratisk utvikling. Det rette i denne stoda hadde sjølv sagt vore at leiinga så snart misstilliten kom fram, tok klart standpunkt til spørsmåla som var reiste. Dermed ville dei sveise heile heimfronten fastare saman. Men leiinga valde veien å undertrykke den demokratiske opposisjon. Organisatorisk og på annan måte, vart det ført kamp for å sette dei demokratiske kreftene utfor, samstundes som det vart utarbeid nye retningslinjer som skulle binne alle til slik lojalitet at ingen, korkje i skrift eller tale hadde lov til å dryfte så viktige spørsmål som innkalling av Stortinget m.m.

Motsetningar kan løysast på to måtar. Ved å fjerne årsakene til dei, eller ved å undertrykke den eine parten. På den første måte løysar ein motsetningane på ein positiv måte til bate for heile kampen. På den andre måte kan ein døyve motstandaren for ei stund, men motsetningane kjem seinare att i krassere form, som svekker kampen mot fienden.

Dei motsetningar som det her er tale om, er ikkje småting som folk hefter seg ved. Det har heller ikkje noko å gjera med spesifikke parti - eller klassestrid, alle er enige om at slikt skal kvile til den nasjonale friedom er vunnen. Motsetningane gjeld på det politiske området dei fundamentale rettår i vårt konstitusjonelle demokrati. Det gjeld stoda til vårt høgste forfatningsmessige organ, Stortinget, og dei folkevalde by- og herredsstyrrer. Berre politisk ukyndige folk kan hevde at det skader kampen og kamemorale i folket at den demokratiske opposisjonen krev klare liner av heimfrontleiinga i desse spørsmål. Det motsette er tilfelle. Det er til uboteleg skade for heile kampen mot fienden at leiinga av den norske heimfronten ikkje har teke klart standpunkt til desse spørsmål, men krev at den frie presse skal vringast til ikkje å nemna slike ting.

Krava som den demokratiske opposisjon har lagt fram for heimfrontleiinga samsvarer med interessene for heile folket og vil vere til største bate for motstanden om dei vart godkjende som grunnlag for kampen. Dei samsvarer også med dei prinsipper som våre store allierte har fastlagt, nå sist ved Krimkonferansen. Det er særst viktig nå i sluttkampen at den norske heimfronten får tru på si eiga kraft. Ein må ikkje berre sjå utover landgrensene etter frigjeringsstrøper. Då vart trua på eiga kraft borte som kan verta til stor skade for landet vårt i etterkrigstida. "Farlig er det at venner befrir oss", seier ein av våre krigslyrikere og med full rett. Vi gled oss alle over at allierte styrkar skal koma oss til hjelp, men hjelpe skulle bygge på vår eigen aktive krigsinnsats her på heimfronten.

Dei politiske krava som den demokratiske opposisjonen har sett fram til Hjemmefrontens ledelse (Hj.l.) er fylgjande:

1. Hj.l., dens underorganisasjoner og tillitsmenn vil vere lojale overfor og bygge sitt arbeid på den norske grunnlov.
2. Hj.l., dens underorganisasjoner og tillitsmenn vil arbeide for at de folkevalgte organer, Stortinget, by- og herredsstyrrer skal innkalles straks krigen er over, i samhøve med grunnlova.
3. Hj.l., dens underorganisasjoner og tillitsmenn vil vere lojale overfor vårt lands høyeste forfatningsmessige organ, Stortinget, og dets rettigheter, og den regjerende myndighet som støtter seg til dette.
4. Hj.l., dens underorganisasjoner og tillitsmenn vil bygge på det samhold i folket som krigen har skapt, slik at folket garanteres sin fulle demokratiske frihet og sjølstyrerrett.
5. Hj.l., dens underorganisasjoner og tillitsmenn vil garantere det frie ord i den frie underjordiske presse, slik at dette frie Norge får leve uten inngrep av byråkratisk art.

Proklamasjon fra Hjemmefrontens ledelse.

Den 14 april vart det over London radio sendt ut ein proklamasjon fra Hjemmefrontens ledelse, som vi gjev att nedanfor i noko avstutta form. Denne proklamasjonen er eit av dei viktigaste dokument i vår friomsstrid. Vi oppmodar alle til å lese den, studere den som det historiske dokument det verkeleg er. Det ver det samlingsgrunnlaget alle har venta på under heile krigen.

"Tysklands sammenbrudd er nær. Tiden omkring dette sammenbrudd vil stille store krav til vår offervilje, disiplin og samhold. Vår innsats idag vil avgjøre vårt lands lykke for generasjoner framover. Fiendens planer om å legge vårt produksjonsliv øde, vil om så skjer, bli møtt med vepnet makt av våre hjemmestyrrer. Andre nordmenn må i denne situasjon følge de direktiver som måtte bli gitt av regjeringen, forsvarrets overkommando og Hjemmefrontens ledelse.

Fiendens forsøk på å så splid og mistenksomhet nordmenn imellom, spre mistillit til framtiden, har ikke ført fram. Målet for kampen er å gjenreise folkestyret og rettssikkerheten, retten til å tenke og tale fritt og troen på menneskeverdet. Dette er ikke bare i samsvar med grunnlov og lov, men det er prinsipper som er fast forankret i vår rettsbevissthet. Derfor vil det heller ikke lykkes for fienden å så splitteke mellom heimfront og utfront.

Hjemmefronten er blitt en folkeorganisasjon, som står åpen for alle nordmenn som vil kjempe mot fienden. Utenfor står bare dem som samarbeider med N.S., og som av svakhet eller frykt har unndradd seg kampen. Innen heimfronten spør ingen etter politisk parti eller religiøs oppfatning, bare om vilje og evne til å kjempe mot fienden.

Hjemmefrontens ledelse representerer alle samfunnsklasser og er sammensatt av aktive patrioter. Veien til Hjemmefrontens ledelse går gjennom aktiv innsats innen kamporganisasjonene. Den betrakter sin oppgave som løst når krigen er ferdig. Men den ånd som har preget vårt folk under hele krigen må ikke forsvinne. Det store gjenoppbygningsarbeid trenger alle våre krefter. Det må herske fri meningsbrytning mellom de politiske partier, med saklighet og respekt over partigrensene. Den krise vi nå gjennomlever, vil vi overvinne. Vårt mål straks krigen er ferdig, må vere:

1. Gjenopprettelse av fullt folkestyre etter grunnloven. Å utskrive nye valg til Storting og kommunestyrrer så snart det er teknisk mulig.
2. Å gjenreise vårt norske rettssamfunn, oppheve fiendens forordninger og etterprøve hans administrative avgjørelser på fritt grunnlag.
3. Å løslate alle politiske fanger, sørge for at de deporterte øyeblikkelig blir hjemsendt så trygt og sikkert som mulig. Erstatning til dem som er blitt hardest rammet.
4. At krigsforbrytere og landssvikere blir hurtig og rettferdig straffet etter gjeldende lov.
5. Å slå hardt ned på dem som har beriket seg på samarbeid med fiende.
6. Å skaffe de nødvendige varer og fordele dem på en rettferdig måte.
7. Å sørge for at alle kommer i nyttig arbeid ved en aktiv beskjeftigelsespolitikk og kontroll med arbeidslivet.
8. Å gjennomføre et rettferdig forhold mellom priser og lønninger.

I framtiden må vi føre en målbevisst og vidsynt politikk med sikte på:

1. Et fritt og selvstendig Norge.
2. Social sikkerhet og arbeid for alle.
3. Skaffe mulighet så ungdommen kan få oppløring og utdanning, uten hensyn til økonomisk stilling.
4. Fremme solidariteten mellom befolkningsgruppene og høye levestandarder ved å bygge opp igjen landet og øke dets produktionskraft.

5. Medvirke aktivt til å skape varig fred og sikkerhet og påta oss de forpliktelser som en verdens sikkerhetsorganisasjon måtte pålegge oss."

Samling av kreftene mot fienden.

Ved den proklamasjon fra Hjemmefrontens ledelse som vart sendt ut over London radio 14 april 1945, er alle politiske motsetningar innan heimefronten vorte løyste på ein måte som alle gode nordmenn vil heise med glede. Å løyse motsetningar på ein positiv måte, betyr å fjerne årsakene til motsetningane. Det er det som er gjort ved denne proklamasjonen. Proklamasjonen er klar og tydeleg, slik at vi ikkje treng ottast vort brot når fridomen eingong kjem.

Mange nordmenn såg med otte på visse antidemokratiske tendensar som hadde kome fram. Det var som sjølve fridomen held på å kverva bort mellom hendene, etterkvart som krigen nærma seg slutten. Dei manande ord som biskop Fjellbu kom fram med i Westminster Abbey viste at ein hadde grunn for denne otte. Ved proklamasjonen er denne otte jaga bort. Den er ein stor siger for demokratietts krefter. Den er sluttresultatet av kampen mot nazismens vesen og innverkna på sminene i desse krigsåra. All tal om militærdiktatur, eller eit interregnum for det politiske livet under politioppsyn i overgangstida, alt rop om dei sterke menn eller "fast sty o.l.", er slått til jorda. Proklamasjonen slår fast det som alle gode nordmenn i denne tida er vorte overtyste om, at det sterkaste styre er folke styre.

Det er to hovudspørsmål som det har vore usemje om innan heimefronten i disse åra. Det er spørsmålet om passiv eller aktiv motstand, og om atterreisninga av demokratiet etter krigen. Begge disse spørsmåla er nå løyste. Proklamasjonen slår fast at heimefronten er ein folkeorganisasjon utan omsyn til klasse eller parti. Alle som kjemper mot fienden høyrer med til heimefronten. Den slår fast retten til det frie ord, og til sakle diskusjon med respekt over partigrensene. Den ånd som preger proklamasjonen, er demokratietts, det grunnlovsmessige og det progressive, levande demokratiet som har vakse fram under jorda. Proklamasjonen er såleis eit stort framsteg også når ein ser på erklaringa av mai 1944.

Proklamasjonen betyr slutten på striden om innkalling av Stortinget og dei folkevalde til kommunestyrene. Grunnlova skal fylgjast fullt og heilt. Med dette har folket vorte sveisa ennå sterkere saman, og det betyr at glede og iveren etter å vinna att fridomen, ikkje vil verta teken frå oss. Ingen skuggar treng nå kastast over fridomsverket. Idag eksisterar ikkje lenger polemikken om indrepolitisk spørsmål som ein var usamde om. Dei er høyste til gunst for folket og folkestyret. Dermed er det berre eit spørsmål som opptek oss alle. Kampen mot fienden med alle midlar.

Den loyalitet som ei leing av motstanden krev, som har denne proklamasjon som grunnlag for kampen, vil den få av heile folket. Den aktive og demokratiske ånd som kjem fram i proklamasjonen, er folkets ånd.
L e v e f r i d o m e n ! L e v e N o r g e !

UNGDOMAR! Vær aktivt med i kampen mot fienden. Samla dykk i små grupper og øv dykk i å halda vakt med fienden. La han ikkje koma inn i bygda utan at alle som skal ha varsel, veit om det. Sjå til at de kjem med i dei vepna styrkene. Få kontakt med ansvarlige i motstandsorganisasjonen i heradet. Vær på vakt mot ukjende folk. Vær på vakt mot pratmakarar. De som ikkje høyrer til å gå inn i dei militære styrkane skal sjå til at de gjer dykkar innsats på andre områder, med vakthald, våromn, o.l. Vær vakne og motige. Sluttkampen krev innsats av alle!

Når du har lese denne avisa, skal du levere den vidare til neste gode nordmann. Vær med å spreid dei frie underjordiske avisene. I det arbeidet kan alle vara med.

Norske politistyrker ved befrielsen av Norge.

I statsråd 3 september 1945 ble statsadvokat Andreas Aulie utnevnt til rikspolisjef. Ved provisorisk anordning 26. februar 1945 ble politisjefens myndighet nærmere fastsatt. I et intervju uttaler Aulie seg om oppgavene for det nye politi.

Hele politiapparatet i Norge er blitt misbrukt og mishandlet av tyskerne, sier herr Aulie. Politiet er blitt omorganisert og inndelt etter tysk mønster under et nyopprettet politidepartement. Mange av våre politifolk er blitt fjernet, og NS.-medlemmer er ansatt i nye, ledende stillinger som "politipresidenter" og "kommandører". En del politifolk har også meldt seg inn i NS. Det blir derfor nødvendig under gjenerobringen av Norge straks å re et a b l e r e h e l e p o l i t i o r d n i n g e n og foreta den nødvendige opprensning i politiets rekker. Samtidig som vi på denne måten må bygge opp et politiapparat som har befolkningens tillit, må vi effektivt og hurtig gjennomføre tiltak til opprettholdelse av ro og orden.

Det må videre tas skritt for å gjennomføre politimessige behandling av det rettsoppgjør som vil komme.

De tenker på krigsforbryterne, på tyskerne og NS.-medlemmene? Ja, på alle som har utnyttet krigen og okkupasjonstiden på forbrytersk måte. Der blir en viktig oppgave for politiet å sørge for at de uten opphold blir grepet og straffet. Under det forberedende arbeid nå har Justisdepartementet vært sterkt beskjeftiget med de interallierte planer om behandlingen av krigsforbryterne.

Vil de norske politistyrker bli tilstrekkelig til å gjennomføre disse oppgavene? (Avtale med Sverige)

- Ja det vil de. Vi kan i ganske stor utstrekning bygge på gode folk fra de gamle politi, og vi har også forevrig gode resurser når det gjelder menneskemateriell. Regjeringen har også gitt politiledelsen et godt lovmessig grunnlag å stå på i anordningen av 26. februar. Bestemmelsen gir politiet anledning til å opptre med myndighet og styrke. Jeg vil understreke at det hele er e n m i d l e r t i d i g o r d n i n g, beregnet på å mestre en vanskelig situasjon i forbindelse med krigen. Politiledelsen vil på samme måte som før 9. april bestrebe seg på å være i full overensstemmelse med den alminnelige rettsbevissthet som rå i det norske folk. Vi vil ha et politi som nyter almen tillit. Det må kreves at hver enkelt politimann nyter alminnelig anseelse for den holdning han har inntatt under krigen og så må det bli ledelsens sak å sørge for at den faglige politiutdanning blir effektivt under hensyn til de særegne forhold som råder. Jeg anser det viktig ved utdannelsen av nye politifolk at man fører dem inn i den demokratiske tankegang.

G e s t a p o - m e n t a l i t e t v i l v i i k k e h a i n o e n f o r m.

Samarbeid med de militære.

- Vil politiet komme til å arbeide sammen med de militære styrker? - Utvilsomt. Men hvorledes samarbeidet skal skje, vil avhenge helt av hvordan befrielsen finner sted. Under planleggelsen av politiets arbeid har vi stått i nøye kontakt med de militære myndigheter, og det er klart at et velorganisert og effektivt politi vil lette arbeidet for våre egne og de alliertes stridskrefter, samtidig som det vil skape forutsetninger for en lettere overgang til et normalt liv.

Jeg regner dette som kanskje den viktigste siden ved den oppgave som vi står overfor. Det vil være av uvurderlig fordel for oss at vi kan ordne vår administrasjon selv i den vanskelige overgangstiden, at vi kan opprettholde ro og orden med norske maktmidler, skape respekt for lov og rett, kort sagt: selv gjenopprette den norske rettstaten. Det blir de norske politistyrkers mål, og de vil gå inn for den samme glød og styrke som det norske folk har verget sine rettsidealer med under okkupasjonen.

G E S T A P O - M E N T A L I T E T V I L V I I K K E H A I N O E N F O R M !

Adgangen til å legge bøter har tidligere etter den alminnelige regel i straffelovens § 27 vært begrenset til maksimum 10.000 kr. for forbrytelser og 5.000 kr. for forseelser. Særskilte høyere bøtemaksima er fastsatt i spesiallovgivningen om forordning av 22. januar 1942 om tillegg til straffelovgivningen om forredere som gir adgang til å ilegge inntil 1 million kr. i bøter for medlemskap i NS. eller annet landsforredersk forhold. Bøter vil for fremtiden kunne ilegges uten noen begrensning oppad, og dette uten hensyn til om det gjelder en forbrytelse eller en forseelse og uten forskjell ettersom det gjelder en overtredelse av den alminnelige straffelov eller bestemmelser i spesiallovgivningen.

For å sikre inndrivelsen av ilagt bøtestraff er det videre ved tillegg til straffelovens § 28 fastsatt at bøtene skal kunne besluttes inndrevet uten hensyn til de gjeldende regler om trett for en skyldner til å unnta visse eiendeler under gjeldsinndrivning. I forbindelse hermed er det åpnet adgang til å ta utlegg for bøtene hos selskap eller forening på vegne av hvolke den skyldige har handlet - De nåværende regler om inndragning i straffelovens § 36 er utvidet slik at det for fremtiden skal være adgang til å beslaglegge, ikke bare det direkte utbytte av en straffbar handling, men enhver inntekt formuesfordel eller vinning som må antas foranlediget ved handlingen. eller der ved denne tilkjennegitte forbryterske sinnlag.

Formålene med de nye bestemmelser er: A kunne ramme økonomisk NS.-medlemmer og andre som på en forbrytersk måte har samarbeidet med tyskerne.

Foruten å ha begått landsforrederi har flere av disse krenket offentlige og private økonomiske interesser ved utilbørlig å utnytte til egen fordel de ekstraordinære forhold under okkupasjonen. Enkelte har på denne måte lagt seg opp store formuer, tildels flere millioner kr. Når det gjelder quislinger og andre krigsforbrytere tilsier et tvingende rettferdighetskrav at alle midler blir brukt for å hindre at de får beholde noe som helst av den urettmessige erhvervede vinning. Ja det er grunn til å gå videre; det økonomiske oppgjør med landsforredere må ha et dobbelt mål for øye: For det første å frata dem ulovlig gevinst, for det annet å tvinge dem til å erstatte den skade de har voldt.

Allerede etter gjeldende rett vil det i atskillig utstrekning være adgang til å gjennomføre en slik økonomisk gjenoppretning: Konfiskert gods kan således kreves tilbake av rett eier, enhver er pliktig til å betale erstatning for skade voldt på ulovlig måte, og også bøtestraff og inndragning kan allerede nå tas i gjenoppretningens tjeneste. Særlig reglene om bøter og inndragning er imidlertid uttilstrekkelig i den foreliggende situasjon. Har en mann, fordi han har meldt seg inn i NS., kunnet legge seg opp en formue, bør ein kunne beslaglegge alt hva det enn dreier seg om fem eller ti millioner. På samme måte hvis noen har begått en forbrytelse som ellers ikke er belagt med bøtestraff, f.eks. drap eller mishandling av norske patrioter, bør man ved siden av dødsstraff eller fengsel kunne beslaglegge hele deres formue gjennom bøtestraff. At noen rettstridig har samvirket med tyskerne på vegne av et selskap eller en forening, f.eks. som direktør for et aksjeselskap, bør selvsagt ikke føre til at selskapet får beholde pengene. Utlegg for bøtene bør derfor kunne tas også hos selskape et; at inndragning kan skje hos selskapet følger allerede av de tidligere gjeldende regler.

Ved siden av den ubegrensede adgang til å ilegge bøtestraff vil det antagelig ikke bli særlig sterkt behov for inndragning. Under særlige forhold vil imidlertid også inndragning være aktuelt og det antas at en utvidelse av den nåværende, temmelig begrensede adgang til inndragning er på sin plass.

Dei siste timane for Hitlertyskland.

Meldingane tydar på at Tysklands samanbrot er fullstendig. Vi veit ennå ikkje kva stilling dei tyske militære i Norge vil ta, til dette. Men vi må alle vere budde på at gangsterne i Norge ikkje vil gje seg. Eitt er sikkert: Ingen nordmann må i denne tida la sigersrusen ta bort dei vanlege reglar for vakthald. Uvansam handling kan kosta liv som kan sparast. Fyl dei direktiv som vert gjevne. Lytt til radioen og ordrane som kjem frå Regjeringa. Gjallarhorn vil i tida framover halda alle lesarane nøyje underretta så godt det let seg gjera.

"Det er viktigere å gjere kjent de direktiver og forordninger som blir gitt, enn å notere opp en by som blir tatt av de allierte. Alle som har radio eller på annen måte rår over meddelelsesmetoder til andre nordmenn, må gjere sitt til at folket blir gjort kjent med de direktiver som blir sendt ut" (Øksnevad 21.april).

Frå regjeringa.

Det norske justisdep. i London har sendt ut to kammerrådgjeringar:

1. Den norske regjeringa støtter oppropet fra Hj.l. som oppmodar folk til å notere ned tilfellar av krigsforbrytere som dei kjenner til. Det vil lette arbeidet med opprenkinga seinare, og gjera sitt til at ikkje bevismateriell går tapt. Det gjeld både tyske militære og sivile, ns og deira hjelpesmenn. Skriv ikkje ned lause rykter, men nøyaktige opplysningar, stadfest og helst vitnefest. Dersom det er vanskelig å skaffe namn på personar eller avdelingar som har gjort seg skuld i slike brotsverk, så gje så godt signalement som råd er for at ein seinare kan indentifisera dei.

2. Det ligg føre bevis for at tyskerne vil nytte norske angivere for å skaffe opplysning om sabotasje som vert utført mot tyske krigstiltak eller for å forebygge sabotasje. Det vert gjeve premiar for slike opplysningar. Den nordmann som hjelper fienden i dette gjer seg skuldig i landssvik. For å hindre at nokon seinare vil påstå at dei handla i god tru vil justisdepartementet slå fast: Kvar den som gjev fienden opplysningar om sabotasje enten utført eller som skal verta utført, vil verta straffa for landssvik etter gjeldande lov i krig.

Svensk invasjon i Norge?

For ei tid tilbake vart det frå offisielt svensk hald sendt ut ei erklæring om at Sverige ikkje ville gje opp nøytralitetspolitikken. Etter dei siste meldingane har det vori dryftingar igang mellom det norske og svenske riksstyre. Den 20.april vart det over svensk radio sendt ut ei fråsegn der det svenske synet og svaret til den norske regjeringa kom fram. Ein kunne ikkje på nevnte tidspunkt omtale forhandlingane. Sverige vil nøgje akta på utviklinga i Norge og Danmark, og ville ikkje sjå heilt bort frå spørsmålet om intervensjon. Sverige sin stilling var avhengig av tyskerne sine handlingar. Sverige trudde på forhandlingsvegen og held fast ikkje ei gradvis oppløysing av Wehrmacht i Norge for usannsynleg. Kapitulasjonsfenomenet hos tyskerne måtte ein ikkje undervurdere, og det måtte fremgjast og støttast med propagandaen. Dersom tyskerne gikk til ennå større terror i grannelanda enn hittil ville Sverige gripe inn. Den engelske presse rettar tildels skarp kritikk mot den svenske regjeringa for dette svaret. Det er å venta at den norske regjering i London vil sei frå at den er misnøgd med svaret.

Atterreisninga av rettstaten.

(Studiemateriell omkring nasjonale og internasjonale etterkrigs spørsmål.)

"Målet for kampen er å gjenreise folkestyret og rettssikkerheten, retten til å tenke og tale fritt, og troen på menneskeverdet. Dette er ikke bare i samsvar med grunnlov og lov, men det er prinsipper som er

fast forankret i vår rettsbevisthet."

Hjemmefrontens ledelses prokl.

Prinsippene for atterreisninga av den norske rettstaten ligg i proklamasjonen av 14. april 1945 fra Hj. l. pkt. 1. "Gjennomrettelse av full folkestyre etter grunnlova."

Til dette kjem så dei forordningar av juridisk eller økonomisk art, som regjeringa i London har gjeve ut. Det er sjølsagt svært viktig for vår fridomsstrid at alle som kjem til å få med styre i stat eller kommune og dei som er interessert i vår politiske framtid, set seg inn i og studerer desse forordningar eller forslag til forordningar.

Alle provisoriske forordningar fra regjeringa vår må som det ligg i ordet provisorisk, etter vår grunnlov ha Stortinget si godkjenning for å verta rettsgyldig når landet er fritt att. På dette grunnlaget forstår alle kor viktig spørsmål det var om Stortinget skulle innkallast eller ei.

Folk flest kjenner til fiendens forordningar, men kjenner lite til dei nye forordningar og rettsreglar som skal tre i kraft når landet er fritt att. Det er dette vi vil rette på med å sende ut studiemateriale om desse spørsmål. Dette når det gjeld det nasjonale spørsmål å atterreise vår rettstat. Men vi er ikkje berre ein nasjonalstat isolert, vi er ein del allierte nasjonane. Dermed må vi og skaffa oss kjennskap til dei internasjonale spørsmål som viser seg i samband med slutttoppgjøret. Dei nasjonale og internasjonale atterreisingsspørsmål er to sider av det same problemet. I slutten av denne månaden kjem konferansen i San Francisco, der dei allierte nasjonane skal dryfta og fastlegge grunnlaget for freden. Forarbeidet vart gjort ved konferansen i Dumbarton Oaks ifjor. Kor mange kjenner til resultatet av desse forhandlingane? Kor mange kjenner til Unra, oppbygning og arbeid? Spørsmålet om avstraffinga av krigsforbrytarane fra juridisk og politisk synsvinkel? Kor mange kjenner til planane for landet når det gjeld så viktige spørsmål som sjøfarten, forsyningsspørsmål, luftfarten, avstraffing av våre krigsforbrytarar og krigsjobbarar, eller spørsmål om vårt lands internasjonale plikter o.s.b.?

Alt dette er det vår meining å skaffe lesarane konkrete opplysningar om. Eit viktig spørsmål i kampen mot mørklegginga av landet vårt.

Det som i første rekke interesserar oss etter at dei grunnlovsmessige retningslinene er fastlagde, er atterreisninga av rettstaten ved juridiske og maktpolitiske åtgjerder, og desse er i samsvar med vår grunnlov og rettsmedvet. Vi byrjar derfor studiemateriellet med spørsmålet om politistyrker og vedtaket om rådgjerder mot berikelse under okkupasjonen. Studiemateriellet om dei andre spørsmåla vil verta sendt etter kvart.

LA STUDIEMATERIALET SIRKULÆRE!

Nazismens vesen.

Til dei uhyggelege avsløringane i dei tyske konsentrasjonslegrar i Buchenwalde og Belzen skriv den engelske presse: "Når nokon spør kvifor ein kjemper mot nazismen kan ein vise til desse legrar. Dette er nazismens vesen. Massemyrderiene her er ikkje utslag av berre krigsråskap som har kome fram under krigen, det er ein vesentlig del av sjølve nazismens vesen. Det er grunnlaget for den."

Under denne krigen kunne ein ofte høyre utsegn frå folk som serleg ville vere objektive med omsyn til nazismen, at det var noko godt med den noko som vi burde ta etter. Ja mellom militære høyrdet ein altfor ofte ytringar om at vi burde læra av dei tyske metodane. "Vi nyttar same metodar som tyskarane o.s.b."

Buchenwalde og Belzen er fruktene av prøiserdom, militærmentalitet og krigsråskap. Det må derfor vere klart for alle at når vi skal vere med å rydde ut nazismen, så må vi rydde ut all tankegang som minner om nazismens vesen. Vi må vere på vakt for at ikkje voldsmentaliteten slår rot. Mottoet som Aulie har sett for politistyrkene våre bør og vere mottoet for dei militære: **G e s t a p o - m e n t a l i t e t - s k a l v i i k k e h a i n o e n f o r m .**

Forholdsordre fra Hjemmefrontens ledelse, nr. 1.

I denne situasjon da den tyske militærmakt holder på å bryte sammen så ingen la seg lede til uoverlagte handlinger. Derfor har Hjemmefrontens ledelse sendt ut følgende forholdsordre:

1. Unngå sammenstimlinger. Vær ikke med i demonstrasjoner av noen art. Opptre ikke utfordrende overfor de tyske soldater og offiserer.
2. Spre korrekt og nøyaktig de meldinger som gis over London radio. Noter ned. Stol ikke på hukommelsen.
3. Slapp ikke av på forsiktighetsreglene.
4. Følg de direktiver som blir gitt av den allierte overkommando, den norske regjering og Hjemmefrontens ledelse.

Parolen er:

VERDIGHET, RO OG DISIPLIN!

Nazismens samanbrot.

Den tyske militærmaskin har brote saman. Nazipartiet er i full opplysning. Det fasttømra apparatet til gestapo har misst jerntaket over dei undertrykte landa. Reaksjonens og militarismens mest brutale politiske st reform, den tyske nazisme er ikkje meir. Militært er dette uhyre endeleg trekt til jorda.

Det er ein hard skule folka i Europa har gått gjennom i denne krigen. Ei har fått lært i fullt mun kva eit reaksjonært terrorvelde betyr. Lærdommene av dette må vi ha i minnet når vi skal byggja oppatt det nazismen vart og andre land har lagt øyde.

Den tyske nazisme, som nå snart går over i historia, var den politiske rørsle, den tyske storkapital saman med den tyske generalstab godtok om politisk styreform, for å fremje dei mål den tyske imperialism hadde sett seg, og ikkje nådd under keiserriket i forrige krig og seinere under eimarrepublikken. Innanrikspolitisk fekk nazismen makt og feste ved å lå ned alle fridomskrefter i Tyskland, først og fremst arbeidarklassen i dei demokratiske organisasjonar. Seinare vart all politisk opposisjon forboden. Utanrikspolitisk nytta nazismen reaksjonen i dei andre land for å fremje sine interesser. Overalt i Europa tok reaksjonen etterkvart grebiletet etter den tyske nazisme. I Østerrike f.eks., vart alle demokratiske krefter i folket slått ned av den østerrikske reaksjon under Dollfuss's klerikalfascistiske styre. Når så fridomskreftene var slått ned, kunne Hitlers marsjkollonner og gestapo marsjere inn. I alle land som seinare har vorte undertrykte av Hitlers soldater, har nazismen fylgd ein same line.

Nasjonalsozialismen er den siste form for reaksjonen sitt politiske erredømme. Utryddinga av den betyr å rydde bort det økonomiske og sosiale grunnlaget for nazismen. Det betyr i den politiske kampen å gjera skadeleg dei økonomiske og sosiale krefter som alltid har og framleis vil støtte eit reaksjonært diktatur.

Den militære oppgave ved utryddinga er nå snart til ende. Att står å rydde bort det økonomiske og sosiale grunnlaget for den nazistiske rørsle. Det er det som både nasjonalt og internasjonalt er det viktigste ved atterreisingsspørsmåla etter denne krigen. Kampen mot nazismen har v dei allierte nasjonane vorte erklært som ein politisk kamp mot reaksjonen, for demokratiet. Atterreisninga vil og vera ein politisk kamp for demokratisk og sosial rettferd. Her ligg samlingsgrunnlaget i atterreisninga også i vårt land når nazismen ein gong for alle er borte. Dette er og innhaldet i dei allierte erklæringar omkring dei sosiale etterkrigsspørsmål.

Når du ser framande folk etter vegen, eller hjå private, som du aner er i dekning eller arbeider illegalt, så prat aldri om det, og vær heller ikkje spørvis. Dette er den minste hjelpa ein må kreva av dei som ikkje er med i arbeidet.

Justisminister Terje Vold om rett og lov etter krigen.

I kringkastinga fra London held justisministeren ein tale den 28 april 1945, der han kom inn på dei strafferettslege og sivilrettslege tilhøve som skal gjelda nå når okkupasjonen er over. Det er sers viktig at alle set seg inn i desse ting, då det kan letta tilhøva under rettsoppgjeret. Vi gjev att justisministaren:

Det er viktig å ha på det rene hva som er gjeldende lov nå når okkupasjonsmakta bryter sammen og norsk lov igjen skal gjelde. Under okkupasjonen er det blitt gitt lover, dels av de militære tyske myndigheter og dels av de administrative. Den langt overveiende del av disse lover er gitt for å gavne fienden. Etter Haakonvensjonen har en fiendtlig makt rett og plikt til å opprettholde ro og orden og rettslige forhold i det land den holder besatt. Som kjendt har ikke tyskerne holdt seg til dette. Lovene de har gitt er grove krenkelser av all norsk lov.

Alle bestemmelser som er gitt av okkupasjonsmakta må renses ut. Rettslig bortfaller alle lover som er gitt, uansett bestemmelsens innhold, også om de er ifølge folkeretten. Dersom ingen annen love er gitt, gjelder norsk lov fra før 9 april 1940. Denne hovedregel ligger til grunn for den provisoriske anordning av 19 jan. 1945 fra den norske regjering. Men man kan ikke bare bygge på dette. Nye nødvendige bestemmelser i lovverket er blitt gitt. Regjeringen har forberedt en rekke provisoriske anordninger både strafferettslig og sivilrettslig.

1. Prov. anordning av 5 mars 1943 om den foreløpige kommunal- og fylkesforvaltningsordning, den såkalte tjenestemannsordning. Den fastsetter måten for utrenskningen innen administrasjonen.
2. Prov. anordning av 26 februar 1943 om midlertidige bestemmelser for politiordningen i overgangstiden (står i forrige nummer av Gjallarhorn)
3. Prov. anordning av 15 des. 1944, som tillegg til bestemmelser i anledning forrederisk tilegnelse under okkupasjonen.
4. Prov. anordning av 16 februar om rettergangsmåten i landssviksaker.

Disse bestemmelser og andre av næringspolitisk og økonomisk betydning, er i tillegg til lovgivningen før 9 april. Et særskilt hefte av Norsk Lovtidende er trykt og vil bli spredt utover landet så snart landet er fritt.

De nye bestemmelser dekker et vidt felt der okkupasjonsmakta har lagt hindringer og forårsaket ulovlige forhold. Bestemmelser av rent saklig art, gitt av okkupasjonsmakta, ved departementer og den tid administrasjonsrådet satt, slike rent tekniske ting som prisvedtak, rasjoneringsbestemmelser o.s.v., er nødt til å bli stående til en etterkant hvert får oversikt over forholdene.

Som generelle regler kan en slå fast:

- a) Alle bestemmelser som har hatt til formål å hjelpe okkupasjonsmakta, eller fremme n.s. og deres politiske formål, er ugyldige.
- b) Alle bestemmelser som står i strid med grunnloven, er ugyldige.
- c) Bestemmelser av rent saklig art gjelder inntil videre.

De talrike naziforordninger mot forskjellige yrkesorganisasjoner, n.m., innskrenkninger i trykkefriheten, ytringsfriheten o.s.v. oppheves straks. Ingen kan dømmes etter lover som er gitt av okkupasjonsmakta eller deres hjelpere. Andre bestemmelser av saklig art vil foreløpig bli stående."

Som ein ser, kan ein samanfata talen til justisministaren til dette:

Alle tvangslover som er gjevne for å undertrykke landet og folket vårt, og vårt demokratiske politiske liv, skal opphevast straks. Den demokratiske rettar vi hadde etter norsk grunnlov og lov, skal attarreisast momentant tyskerne si makt er broten. Tenke-tale-og trykkefriheit skal gjelda slik som før 9 april 1940.

Friidomen skal garantierast for alle som ikkje har samarbeidd med fienden!

Det vi alle har venta på i over fem lange år er vendeleg vorte eit faktum. Det er ikkje lenger ein ynskjedraum. Vi er verkeleg frie!

Ordlyden av forslagene fra Dumbarton Oaks.

I anledning den interallierte konferanse i San Francisco som nu pågår, er det svært mange som ønsker å kjenne til de resultater som ble oppnådd under forhandlingene i Dumbarton Oaks i tiden 21. august - 7. oktober 1944, mellom Storbritania, Sovjetunionen, U.S.A og Kina. Vi vil derfor i følgende nummer gjengi ordlyden av forslagene fra Dumbarton Oaksforhandlingene.

Forslagene som følger nedenunder in extenso, behandler organisasjonens arbeidsoppgaver, retningslinjer og bestemmelser for medlemskap, dens hovedorganer, omfattende en lovgivende forsamling, et sikkerhetsråd og en internasjonal domstol, den lovgivende forsamling og sikkerhetsrådets sammensetning, funksjoner og fullmakter, foranstaltninger for opprettholdelse av internasjonal fred og sikkerhet, internasjonalt økonomisk og sosialt samarbeide og overgangsforanstaltninger.

Regjeringene i Storbritannia, De Forenede Stater, Russland og China er blitt enige om at de etter nærmere å ha gransket de preliminare forslag, som nå er offentliggjort, så snart som mulig skal ta de nødvendige skritt for å forberede fullstendige forslag som så kan tjene som grunnlag for diskusjon ved en konferanse mellom alle de forenede nasjoner.

Den fullstendige rapport over de preliminare forslag lyder som følger: Der opprettes en internasjonal organisasjon ved navn: De Forenede Nasjoner, med de nødvendige fullmakter til å sette i verk følgende forslag:

Kapitel I - Arbeidsoppgaver.

Organisasjonens arbeidsoppgaver skal være:

- 1) Å opprettholde internasjonal fred og sikkerhet, og for å oppnå dette å ta effektive, kollektive foringrepshandlinger eller andre fredstrusler mot fred og forhindre brudd og ved fredelige midler tvister, som kan føre til et brudd på freden.
- 2) Å utvikle vennskapelige forbindelser mellom nasjonene og å ta andre passende forholdsregler for å styrke verdensfreden.
- 3) Å oppnå internasjonalt samarbeide ved løsningen av internasjonale økonomiske, sosiale og andre humanitære problemer.
- 4) Å opprette en sentral for å samordne nasjonenes bestrebelsler på å nå disse felles mål.

Kapitel II - Retningslinjer.

For å løse de oppgaver som er nevnt i kap. I skal organisasjonen og dens medlemmer arbeide etter følgende retningslinjer:

- 1) Organisasjonen er basert på likestilling og suverenitet. Den forplikter seg til - for at alle
- 2) Alle medlemmer av organisasjonen ordeler medlemskap i organisasjonen skal sikres de rettigheter og forpliktelser som er pålagt dem etter fører med seg å oppfylle de forpliktelser som er pålagt dem etter organisasjonens lover.
- 3) Alle medlemmer av organisasjonen skal avgjøre sine tvister med fred internasjonalt fred og sikkerhet ikke
- 4) Alle medlemmer av organisasjonen skal i sine internasjonale forhold måte å true med eller å bruke makt - avstå fra på noensom helst måte som går ut over organisasjonens bestemmelser.
- 5) Alle medlemmer av organisasjonen skal gi organisasjonen all mulig ansvar med sine lovbestemmelser, hjelp i alt den foretar seg i en slik avhøide seg fra å gi støtte
- 6) Alle medlemmer av organisasjonen foretar handlinger av fred til enhver stat mot hvilken det er av tvangsmidler, rebyggende art eller ved hjelp om at stater som ikke er medlemmer Organisasjonen skal forsikre ansvar med disse retningslinjer i den av organisasjonen, handler i opprettholdelse av internasjonal utstrekning det er nødvendig i fred og sikkerhet.